

# Skuldar administrasjonen for å sabotere vedtak



**Ikkje akvakultur:** Brandal Båtlag purrar på eit vedtak som er gjort i Hareid kommunestyre om å endre sjøområdet frå Brandal sentrum til Karlhaugen til ikkje å gjelde akvakultur. (Arkivfoto. Utstyret på fotoet er fjerna).

Brandal Båtlag ventar på at sjøområdet frå Brandal sentrum til Karlhaugen skal bli omregulert.

● **Anne Gry Eilertsen**  
anne.gry@vikebladet.no

I eit brev til Hareid kommune skuldar Brandal Båtlag ved Sigurd Eliassen administrasjonen i kommunen for å sabotere vedtak som både formannskapet og kommunestyret har gjort.

8. juni i 2015 gjorde formannskapet vedtak om å rullere arealdelen av kommuneplanen i området frå Brandal sentrum til Karlhaugen frå NFFFA-område (Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv, akvakultur) til NFFF-område (Natur, fiske, ferdsel, friluftsliv).

## Administrativt forslag forkasta

Men avdeling for plan, utvikling, byggesak og geodata gjekk mot vedtaket ved å leggje følgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret i møte 18. juni 2015:

«Spørsmålet om endring av NFFFA-sona i kommuneplanen i Brandal, vert å vurdere ved neste rullering av kommuneplanen».

Forslaget vart forkasta av Hareid kommunestyre, og i vedtaket heiter det blant anna at «administrasjonen skal legge fram sak om rullering av NFFFA-arealet i løpet av 1. kvartal 2016».

- Normal saksgang etter dette er at avdelinga utfører det arbeidet dei vert pålagde av det høgaste politiske organet i Hareid kommune. Men slik fungerer ikkje denne avdelinga. No har det gått 9 månader der avdelinga har oppført seg som om det var deira framlegg som vart vedteke i kommunestyret. Brandal Båtlag kan

ikkje sjå dette på nokon annan måte enn at avdelinga medvite saboterer vedtaket. Sidan tidsfristen går ut om eit par dagar, vil Brandal Båtlag med dette krevje at vedtaket i politisk sak 49/15 vert sett ut i livet straks. Alle vikarierende argument frå administrasjonen må avvistast. Vi kan ikkje ha ein administrasjon som får halde fram med å sabotere politiske vedtak, heiter det i brevet frå Sigurd Eliassen.

## Kommunen har svara Eliassen i 4 punkt

Men vikarierende motiv eller ikkje. Det er eit faktum at rådmannen under kommunestyret sitt møte 17. mars i år orienterte kommunen om kva oppfølging som har blitt gjort i saka.

Og det er sendt følgjande brev til Sigurd Eliassen i fire punkt:

1. Administrasjonen har lagt fram sak om rullering av kommuneplanen sin arealdel i formannskapet 7. mars 2016. Jamfør formannskapet sitt vedtak i politisk sak 25/16 - rullering av kommuneplanen sin arealdel - oppstart og prosess. Vedtaket var samrøystes.

2. Av vedteken aktivitet og framdriftsplan ser ein at det vert lagt opp til handsaming av planprogrammet i formannskapet den 9. mai 2016. Vedtaket i politisk sak 49/15 og problemstillinga kring endring av NFFFA-sjøområdet i Brandal vil verte omtala og vurdert der.

3. På bakgrunn av prosjektet marine grunnkart, har formannskapet vedteke å få utarbeidd Marin Næringsplan. Denne planen vil gje eit godt grunnlag inn i rulleringa av kommuneplanen sin arealdel, med tanke på å vurdere framtidig lokalitetar for sjøretta næring.

4. Vedtaket i politisk sak 49/15 vil verte formidla til konsesjonsgjevande mynde.

Norges største tilhengerproduzent

## TILHENDERDAGER

**BESTSELGER | Varehenger**  
6301NF Totalvekt 2000kg/Kassemål 250/150/35

Inkludert fritidspresenning og tyverilås. Spar kr 1.160,-



**BESTSELGER | Fritidshenger**  
6051 Totalvekt 750kg/Kassemål 193/132/35

Inkludert fritidspresenning og tyverilås. Spar kr 980,-



Inkludert 4stk jekkestropper og tyverilås. Spar kr 1.010,-



**Båthenger**  
6260 Totalvekt 1000kg/Båtlengde inntil 18ft

**NYHET!**  
Kan nå leveres med vanntette LED Lys. Tillegg kr 2.450

Tilbud gjelder uke 13. Gjelder tilhengere med kassemål t.o.m 320/150/35 og alle båthengere.

**PEKAS**  
NORDVESTSENTERET MYRVÅG, 6080 GURSKØY  
Tlf. 70 08 05 80

**TYSSE**  
Tysse kvalitét  
www.tysse.no



## HØDD - BRYNE

Høddvoll  
Søndag 3. april kl. 18.00  
For billettinfo, sjå [www.hodd.no](http://www.hodd.no)

SKIPA 1. AUGUST 1919



liten. men stor

Kampsponsor:

**KLEVEN**



Summersposten

KLEVEN

ISLAND OFFSHORE

SPAREBANKEN MØRE